

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.04.2023

Vår ref.: 202301640-2 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Kristine Naas

Høyring av søknad om uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn til landbasert oppdrett - Sauda kommune i Rogaland

NVE har motteke ein søknad frå Sauda Aqua AS, datert 20.1.2021, om løyve til uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Haugesunds avis og Stavanger aftenblad. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Oddmund Soldal på e-post: oddmund.soldal@norconsult.no.

Kva søknaden gjeld

Sauda Aqua AS søker om løyve til uttak av til saman 4 m³/min uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn, like ved utløpet av Storelva i Sauda kommune. Vatnet skal nyttast i eit postsmoltanlegg med vassparande teknologi (RAS). NVE si vurdering vil omfatte grunnvassuttaket og infrastruktur (vassleidning og brønnar) fram til vassmålar ved anlegget.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202301640 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **1.6.2023**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.



Kva ønskjer vi innspel om?

Vi ønskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

Informasjon om saksbehandlinga

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I den samla vurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve skal gjevast og i kva utstrekning. Eit vedtak blir alltid grunngjeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.

Med helsing

Gry Berg
Seksjonssjef

Kristine Naas
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

**Mottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
SAUDA KOMMUNE

Kopimottakarliste:

Norges geologiske undersøkelse
Norges Miljøvernforbund
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Mattilsynet Region Sør og Vest
TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Jon Atle Eie
NORCONSULT AS AVD VOSS - Oddmund Soldal
SAUDA AQUA AS